



Ståle Furnes  
Statens vegvesen  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/355 - 16/22857

Saksbehandlar:  
Ingrid Raniseth  
ingrid.raniseth@meland.kommune.no

01.12.2016

## Referat undervegs møte

Det vart måndag 14. 11.2016 halde møte på Meland rådhus for orientering om status for løysingar for kollektivterminal/innfartsparkering på Flatøy.

### Til stades:

Frå kommunen	
Samfunnsplanleggjar	Kristin Nåmdal
Arealplanleggjar	Alexander Helle
Plankonsulent	Ingrid Raniseth
Konsulent	
Sweco Norge AS	Jørgen Sandø
Forslagstillar	
Statens vegvesen	Ståle Furnes

### Forslagsstillar orienterte:

Ståle Furnes viste til tilsend konseptskisse og orienterte om kva løysingar ein ser for seg for den nye terminalen. Planen er på skissenivå i dag, plassering og volum er viktig i første omgang.

### Bussterminal

- Foreløpig dimensjoner for 6 busshalde plassar
- Alle bussane må innom terminalen på same måte som på Åsane terminal. Det vert difor ikkje lagt til rette for egen busslomme for Melandsbussen etter ynskje frå Skyss, men det kan verte vurdert
- Skyss positiv til løysinga for inn/utkjørsel frå terminalen slik den er skissert
- Ikkje lagt til rette for direkte innkjørsel for Knarvikbussen då bompengesnitt er i vegen
- Rampe til E39 er ikkje endra fordi ein ikkje vil setje begrensingar for evt. utviing av E39 i framtida
- Skulebussen vil ha endestopp på terminalen etter ynskje frå Skyss.

### Parkering

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Foreløpig er det dimensjoner for 200 parkeringsplassar inne på området med mulegheit for ekstra dekk på eit seinare tidspunkt
- Innfartsparkering utanfor bompengesnitt
- Det skal leggjast til rette for hurtigladestasjon for elbil

### **Fotgjengarar og syklistar**

- Separert gang- og sykkelveg gjennom terminalområdet
- Separert gs-veg frå plangrensa i nord, E39, til plangrensa i sør, Krossnessundbrua og Nordhordlandsbrua
- To overgangar over Flatøyvegen til terminalen, begge i plan
- Leggje til rette for mogleg ny sykkelveg/bru langs sørsida av **Krossnessundbrua**
- **Kan ein få til betre kurvatur på sykkelvegen ved kulverten under riksvegen i nord, ved krysset til Framo?**

### **Vegar i område**

- Planen skal ivareta innkjøring/tungtrafikk til Framo
- Nord for Flatøyvegen vil husa lengst vest få ny tilkomst ved kulvert
- Tar vekk eksisterande kulvert slik at resten av husa på nordsida får ny tilkomstveg
- Det er regulert inn kulvert under E39 for fotgjengarar mot mogeleg framtidig hurtigbåtkai i Søre Krossnesvika, og for mogeleg framtidig gs-veg mot Flatøy aust

### **Nordhordalandspakken**

- Ikkje avsett midlar til gjennomføring av heile planen, men fokus på innfartsparkering og kollektiv.

### **Kulvert til Flatøy aust**

- SVV og Sweco må diskutere om kulvert til Flatøy aust skal takast med i planen
- Dimensjon på kulvert set i dag stopper for utbygging av B1
- Administrasjonen ynskjer at denne vert regulert no, men ser at det kan stele tid frå det som er hovudformålet med planen.

### **Medverknad**

- Folkemøte etter grunnboring?
- Lage eigen prosjektside
- Open kontordag på rådhuset.

Elles orienterte Alexander om Flatøy områdeplan, moglegheitsstudie på Langelang og klimamidlar.

### **Oppsummering**

Det er framleis tidleg i planprosessen, men dei store linjene for ny terminal/parkering er lagd. Viktig no er å avklare kor vidt ein skal løyse tilkomst til Flatøy aust i denne planen då kulverten er innafor plangrensa.

### **Anna**

Etter møte har administrasjonen diskutert andre moment ved prosjektet. Me kjem attende med meir informasjon etter internt møte med ma kulturseksjonen. I grove er det dette som har vore diskutert:

- **Dimensjonering av kulvert under E39 lyt ta omsyn til at det kan kome separert gang- og sykkelveg vidare mot Flatøy aust.**
- **Bør ein leggje til rette for separert gs-veg mot Nordhordalandsbrua?**
- **Administrasjonen understreker at planområdet er innfallsporten til heile Nordhordlandsregionen. I størst mogeleg grad bør ein ivareta og tilpassa seg dagens landskap. Vegutforming, og utforming av parkeringsanlegg og kollektivterminal bør vera av høg estetisk kvalitet. Eldre og nyare kulturminne i planområdet bør ivaretakast og integrerast i planen.**
- **Overvasshandtering/blå-grøn struktur**

Med helsing

Ingrid Raniseth  
Plansakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Jørgen Sandø  
Ståle Furnes

Statens vegvesen 6863

LEIKANGER